



Forslag til vedtak - Idrettstinget 2021

Frå: Vestland idrettskrets, Rogaland idrettskrets og Møre og Romsdal idrettskrets
Tittel på forslag: Utgreiing om det skal søkjast om å arrangere Special Olympics World Games vinter i Norge.

Forslag til vedtak:

Idrettstinget ber Idrettsstyret greie ut om det skal søkjast om å få tildelt Special Olympics World Games vinter i 2025 eller 2029 til Norge.

Grunngjeving for forslaget:

Norsk idrett har som den einaste nasjonen i verda integrert alle grupper inn i sine idrettslag. Idrettsglede for alle er ikkje berre eit slagord, det er ein realitet i dag. Likevel kan vi gi eit enno betre tilbod til gruppa utviklingshemma. Dette vil vi kunne oppnå gjennom å søke om å få verdas største idrettsarrangement for denne gruppa lagt til landet vårt.

Special Olympics er ein internasjonal organisasjon som jobbar med idrett for menneske med utviklingshemning, og som legg til rette for trening og konkurransar for 2,3 millioner utøvarar i over 160 land. Utøvarar på alle ferdigheitsnivå trenar og konkurrerer i 30 sommar- og vinteridrettar; lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Special Olympics har også eigne familie-, skule- og helseprogram.

Norges idrettsforbund vart i januar 2015 akkreditert som Special Olympics Norge. Ved å vere akkreditert har NIF høve til å sende delegasjonar til arrangement i Special Olympics World Games og søke om å få arrangere leikane. NIF har sendt troppar til sommarleikar i Los Angeles 2015, vinterleikar i Graz, Schladming og Ramsau i Østerrike i 2017 og til sommarleikar i Abu Dhabi i Dei sameinte arabiske emirata i 2019.

Norge har aldri søkt om å få arrangere Special Olympics World Games. NIF, særforbund og idrettskretsar har eit ansvar for at gruppa utviklingshemma skal få eit aktivitetstilbod i eit idrettslag. I åra fram til eit evt. Special Olympics bør vi saman med myndigheitene lage eit folkehelseprosjekt som har som formål å fremje idrettsaktivitet for gruppa utviklingshemma.

Kvar i Norge arrangementet skal arrangerast må ein ta stilling til på søknadstidspunktet.

Bergen 28. januar 2021,

Nils R. Sandal, styreleiar
Vestland idrettskrets

Kåre Sæter, styreleiar
Møre og Romsdal idrettskrets

John Arve Hveding, styreleiar
Rogaland idrettskrets